



Sigurd Vabø
Vabøvegen 221
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2717 - 21/35474

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
27.05.2021

Oppfølgingsbrev etter synfaring på eigedom - gbnr 102/7 Vabø

Tiltak: Terrenngingrep
Byggjestad: Gbnr 102/7
Tiltakshavar: Sigurd Vabø

Saka gjeld

Kommunen var på synfaring på eigedommen 26.05.21 på bakgrunn av melding om mogeleg ulovleg tilfelle.

Tilkomst til eigedommen din over eigedom med gbnr 102/1

Dette er eit privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje har part i. Kor vidt du har rett til tilkomst slik det er etablert må du avgjere med grunneigar eller privatrettsleg.

Etablert veg

På synfaringa vart det vist fram bilete for å dokumentere at arbeid med tilkomstveg er vedlikehold av gammal veg og ikkje etablering av ny veg. Vi ber om at denne dokumentasjonen sendast inn til kommunen. Det er også ein fordel om det går fram når bileta er tekne.

Terrenngingrep og natursteinsmur

På delar av eigedommen er det planert ut eit større areal og det pågår arbeid med oppføring av natursteinsmur. Det vart opplyst at planert areal skal dekkast til med jord og tilbakeførast som grøntareal etter at naudsynt drenering/vedlikehold er utført. Kommunen legg difor til grunn at arealet vil forbli grøntareal i samsvar med gjeldande arealføremål.

Omfanget av arbeidet er av eit slik karakter at det kjem inn under pbl §20-5 - tiltak som ikkje krev søknad og tillatelse.

Strandsone

Sjølv om tiltaket i seg sjølv ikkje krev søknad ligg det likevel i strandsona som er underlagt særskilt vern mot tiltak. Dette betyr at det er naudsynt å søke om og få innvilga dispensasjon også for tiltak etter pbl §20-5.

Dette betyr at du treng dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 for at arbeidet du utfører skal bli lovleg. Status per i dag er difor at du har eit ulovleg utført tiltak på eigedommen din som vi vil oppfordre deg til å søke om godkjenning for. Viss du ikkje gjer det risikerer du at kommunen på eit tidspunkt kan krevje retting av det ulovlege tilfellet.

Kva skjer vidare

Miljø & tilsyn vurderer saka slik at det mest hensiktsmessige er å sette saka hjå oss i bero inntil vidare. Det betyr at det er registrert som eit ulovleg tilfelle hjå oss, men at vi ikkje følgjer opp saka vidare på noværande tidspunkt. Vi oppmoder deg om å søkje om dispensasjon for å få lovleggjort det som per i dag er ulovleg og at pågåande arbeid og tilbakeføring væert ferdigstilt innan rimeleg tid.

Vi ber om at etterspurt informasjon om etablert veg sendast inn til oss innan 3 veker og at du set i gang ein prosess med å sende inn søknad om dispensasjon for tiltak i strandsone.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2717.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Abelsen
Sigurd Vabø

Vabøvegen 221
Vabøvegen 221

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS